

SISTE INDRE

Vi er gode nyheter

Med
ynskje om
ei velsigna
adventstid!



KOR ER ME OM 50 ÅR?

Det er spennande tider me lever i. Mykje er i endring, og me ser endetidsteikna klart. Gud er historias Herre, heilt frå tida begynte då Gud skapte soler og planetar i skapinga, og fram til han set ein ende for historia. Det er to heilt konkrete «klokker» Bibelen beskriv når det gjeld tidsrekninga, og det er Israels historie og misjonen.

Ikkje minst får 2023 til 2024 har situasjonen i Israel utvikla seg mykje. I krigen mellom Israel og Hamas, ser me at verdsopinionen i stor grad vender seg mot Israel. «Eg vil samla folkeslaga til krig mot Jerusalem», står det i Sakarja 14,2, ein av dei mest konkrete profetiane om hendingane når Jesus kjem igjen. Men «Herren skal dra ut og føra krig mot desse folkeslaga slik han før har ført krig på stridens dag» (v.3), står det om det som skal skje etter at Jerusalem er teken av fienden. Så kjem Jesus igjen og skal «stå med føtene på Oljeberget» (v.4), som «skal rivna i to frå aust til vest». Folket skal røma gjennom denne dalen.

«Då skal Herren min Gud koma, og alle dei heilage med han» (v.5), skriv Sakarja vidare. Tenk at me skal få vera med Jesus den dagen, når Han kjem igjen i skyene og set føtene på Oljeberget. Før det skal me rykkast opp og møta Jesus, både dei heilage som lever og

dei som er døde. «Då skal Herren vera konge over heile jorda» (v.9), og vanleg historisk tid med dagar og netter opphøyrer (v.7). Tenk når Jesus synleg grip makta på jorda, og alt som er vondt og syndig i liv og samfunna våre skal få ein konge som kan setja ein stoppar for dette. Og Herrens dag nærmar seg, det ser ein som les Bibelen. Takk og pris.

Parallelt med at me ser Guds Ord gå i oppfyl- ling, skal misjonen gå vidare, inntil alle verdas folkeslag har høyrte evangeliet. Så skal enden koma, slik som beskrive ovanfor (Matt. 24,14). Det er ennå mange folk som manglar bibelen på sitt morsmål. På bibelen.no skriv Bibelsel- skapet: «Til sammen er deler av Bibelen over- satt til ca. 3400 av verdens ca. 7100 språk. Siden Bibelen er oversatt til alle de største språkene i verden, har ca. 95 prosent av verdens befolkning hele Bibelen på et språk de kan forstå. Det pågår i dag arbeid med en bibeloversettelse til ca. 2200 språk.

Det vil seia at 5600 av verdas 7100 språk snart har evangeliet skriftlig, og at prosentdelen av menneske som kan lesa eller høyra om Jesus på sitt morsmål nærmar seg 100.

Samtidig har me ei stor oppgåve i det norske folket, som i løpet av dei siste 50 åra i stor grad har mista kunnskapen om Guds ord. Det er få i dag som «kan sin Bibel». «Med guds ord til folket» er ImF sitt motto, og den opp- gåva blir større dei neste 50 åra. Det vil vera fleire nordmenn med ulik religiøs tru eller mangel på tru. Diskriminering av oss som står på Bibelens ord vil også auka, og forsamlin- gane vår vil bli reinsa for dei som ikkje ynskjer bli diskriminert for Jesu skuld.

Eg ser for meg eit meir radikalt og offervil- lig Guds folk veksa fram dei neste tiåra som kjem.



Indremisjonsforbundet i Rogaland
Mjøhusvegen 70, 4364 Sirevåg
Tlf. 51 79 38 80
Nettside: imfrogaland.no
E-post: rogaland@imf.no

Direktenummer:
Anne Berit Aarsland 977 67 073
Terje Slettebø 51 79 38 80
Anne Birgitte Auestad 920 90 232
Anita Auestad 481 92 104
Gina Ueland 478 70 409

Kretsleiar
Reidar Røyland
Tlf 480 23 433

Kretsstyreleder
Kari Helen Garheim
Tlf 975 74 550

Bankgironr.
8220.02.80101
v:pps # 21841

SISTE INDRE
Organ for ImF-Rogaland
Tilslutta Indremisjons-
forbundet
Kjem ut 4 gonger årleg
Kontingent kr 250,-
Redaktør: Terje Slettebø
Sats: Tubb
Trykk: Lura Trykkeri

OGNATUN
Mjøhusvegen70
4364 SIREVÅG
Tlf. 51 79 38 88

Direktenummer
51 79 38 88
Heimeside: ognatun.no
Epost: ognatun@imf.no

Avdelingsleiar:
Elisabeth Kalvenes
Tlf. 51 79 38 88

Redningsmann

Me menneske veit, om me er ærlige med oss sjøl, at me ikkje klarar å leva perfekte liv. I dag tek dei fleste på seg ei maske der det ser ut som at alt er perfekt.

Men om ein ser litt bak maska og kan snakka ilag med medmenneske så ser me at ingen er perfekte. Det vil seie at me alle treng Guds nåde og hans tilgjeving.

Hanskje er det noko av denne ydmykheten og sårbarheten som kan gjera at fleire ser at dei treng Jesus?

Denne sangen frå Impuls seier mykje om Gud;

Kom hit og se skapelsens Gud,
Naglet til dødens tre.
Blodet det rant for oss som forsvant
Bort fra hans dyre favn.
Gud ble til menneske,

Gav bort sitt liv,
Betalte vår pris.

Kom løft opp Hans navn,
Jesus vår redningsmann,
Han som kommer igjen,
Fører oss hjem i havn.
Han løste oss ut,
Tok all vår skyld og all vår skam.
Vi bøyer oss ned, hyller vår Majestet.

Smerten han fikk av syndens bedrag,
Tynget hans ømme sinn,
Døden for han ble livet vi vant,
Og veien hjem igjen.
Gud ble til menneske,
Gav bort sitt liv,
Betalte vår pris.

At Jesus døde for oss vart vegen til himmelen. Så me kan i takknemlighet ta imot og gi det vidare til folk rundt oss.

**Det står i romerbrevet;
For Jeg er stolt over å proklamere denne fantastiske nyheten om Guds enorme**



Lillian Skretting

frelsesplan for alle mennesker som tror. Han begynte med jødene, men nå gjelder den for alle folk. For det finnes bare en måte å bli ren for Gud på, og det er gjennom å tro på Ham. For det står i skriften: Den som tror på Jesus, blir skyldfri innfor Gud, og får leve.
Rom.1, 16-17

Me har verkeleg noko å vera takknemlige for om me lar det synke inn! Tenk at Jesus har gjort alt for oss og me kan bare ta imot. La oss då leva i dagleg nærhet til Gud så han kan få leda oss på vegen.

ØKONOMI

Klarer vi å halde budsjettet?

Rekneskapen ut oktober for ImF-Rogaland viser eit underskot på 834 000 kr. Dette er 28 000 under budsjettet for denne tida på året som viser eit underskot på 862 000 pr 31. oktober. For 2024 har ImF-Rogaland budsjettert med balanse.

Det betyr at slik den økonomiske utvikling er kan vi med ein god økonomisk avslutning håpe på eit lite overskot.

Samanliknar vi med fjoråret, er inntektene så langt i år 3 456 000 mot 3 513 000 på same tid i fjor. Utgiftene er på 4 290 000 mot kr 4 807 000 på same tid i 2023. Det bekymrar oss på inntektsida at innbetalingar frå lag og foreiningar/forsamlingar så langt har ein nedgang på 10% og at fast gjevarteneste har gått ned med 3%.



På utgiftsida er lønnskostnadene redusert med 10%. Dette skyldest ein periode i sommar utan kretsleder og permisjonar og sjukemelding hjå andre tilsette. Utfordringa er difor klar, skal vi koma i balande i økonomien for neste år med dei stillingane vi har i ImF-Rogaland, så må vi klare å auke inntektene. Nå er det slik at november og desember alltid

er viktige og avgjerande for inntektene til ImF-Rogaland. Desse to månadane blir også svært avgjerande i år. Og her er to konkrete måtar vi alle kan bidra for å redusere underskotet fram til nyttår.

Den 03. des. er det julemarknad på Ognatun og der har vi eit stort hovudlotteri. Kr 10 pr lodd. Du kan kjøpe lodd på dette lotteriet ved å sende pengar på Vipps til 62 08 89 og vi skriv lodd på deg. Du er også velkomen til å delta på Julemarknad 03. des. kl. 17.00-20.00 på Ognatun.

Ein god julegåve til ImF-Rogaland i år vil og vera til stor hjelp for økonomien. Alle abonnentar på Siste Indre vil å tilsendt «Julegåvegiro». Bruk den eller vipps din julegåve på 21841, merk julegåve.

Hjarteleg takk for all økonomisk støtte og omtanke til ImF-Rogaland og Ognatun.

For kretsstyret, Terje Slettebø, administrasjonsleiar.

Torgeir og Alpha-kurs

Torgeir Lauvås, vår tidlegare kretsleiar, har nå vore tilsett som pastor på Fredheim Arena i over eitt år. Han blei kalla til å ta over etter Runar Landro, med oppgåver innan forkynning, eldstefunksjon, huskyrkjer og diakoni.

► Av R. Røyland

Eg av sakene han brenn for er å bruka Alpha-kurs som reiskap for å nå ut til andre enn dei som pleier gå i forsamlingane våre. Frå september til november i år leier han eit Alpha-kurs på Fredheim som inneheld Alpha-middag som oppstart, så ti kurskveldar, med Alpha-helg/weekend midt i. På dette kurset er det 23 deltakarar og 10 leiarar som samlast kvar veke.

- Torgeir, korleis har det vore å vera pastor dette året?

Eg trivest godt og gleder meg over kvar dag å møta folk i forsamlinga og tilsette i staben. I starten var det spennande for meg som Lauvås-gut frå bygda, sjølv utan høgare utdanning, å koma inn i ei byforsamling. Men det har varma ekstra å bli så godt motteken. Som forsamling har Fredheim også imponert



Torgeir Lauvås

meg når det gjeld breidda over tiltak som blir drive.

Det eg saknar er kontakten med mange ulike bedehus og kristenflokkar. Det var fint å bli kjent med så mange ulike menneske som kretsleiar. Men også her på Fredheim har eg blitt kjent med mange nye.

- Kva er hovudforskjellen mellom det å vera kretsleiar og pastor?

Der er fleire ting som er like. Men ein stor forskjell er arbeidet med forkynninga. Som pastor er det same flokken, meir eller mindre, som høyrer alle preikene, så nå går det ikkje å ha same talen i reprise. Eg tenker også mykje på at talane blir strima på nettet og at det blir laga samtaleark ut frå talane til huskyrkjer. Derfor kjenner eg at ein må jobba ekstra grundig med innhaldet. Men elles forkynner eg mindre nå, sidan me er fleire som deler på forkynninga i forsamlinga.

Arbeidet som pastor inneheld stor variasjon, kanskje meir enn eg trudde. Men det hadde eg før som kretsleiar og, då eg var med på leir og ordna mange praktiske ting. Eg har alltid likt å forkynna til ulike aldersgrupper, og det får eg også gjera på Fredheim. I år har det også blitt mange besøk huskyrkjer for å bli kjent med dei og forsamlinga generelt.

- Har du oppdaga du noko nytt om Fredheim Arena som du ikkje visste då du begynte som tilsett?

Eg hadde ikkje fanga opp at Barnekirka med Awana har eit så høgt tal barn og leiarar som er med der kvar søndag. Ein har ofte like mange deltakarar i Barnekirka med smått og stort, som i vaksenforsamlinga i hovudsalen på Fredheim, med eit samla tal på 300-400.

Retreat Ognatun 2025



12.-16. mars

Temaretreat:
"Frigjort i Kristus
- fra frykt, skam og religiøs kontroll"
med Geir Otto Holmås

4.-7. september

Retreatleder:
Anne Berit Aarsland

2.-5. oktober

Temaretreat:
"Hjertefokus"
med Tom Norum

Påmelding: Imfrogaland.no

JULEFEIRING

PÅ OGNATUN
29. DESEMBER 2024



HVA:

EN TRADISJONELL NORSK, KRISTEN JULEFEIRING FOR ALLE. DET BLIR JULEFORESTILLING, JULEMIDDAG, GANG RUNDT JULETREET, JULEKAKER OG JULEKOS!

NÅR:

FRA KL. 16.30-21.30.

TRANSPORT:

FOR DE SOM IKKE HAR MULIGHET TIL Å KOMME SEG
DIT VIL VI PRØVE Å HJELPE MED TRANSPORT.



PÅMELDING INNEN
14. DES. EPOST:
ROGALAND@IMF.NO

PRIS: GRATIS
RUSFRITT
ARRANGEMENT



OM ALPHA

Alpha-kursa blei starta i England for over 30 år sidan og har blitt haldne på mange bedehus og i ulike kyrkjelydar rundt om i verda. Tusenvis av kurs har blitt gjennomført, og 30 millionar menneske har delteke totalt (kjelde: Alpha).

Det grunnleggjande prinsippet er at kristne deltakarar kan invitera med seg venner og andre som ikkje pleier gå i forsamlinga.

Ein kurskveld består av tre ledd: Kveldsmat, undervisning og samtalegruppe, der ein i gruppa prøver å få likt tal frå forsamlinga sine kristne deltakarar og dei som kjem meir utanfrå.

Tema for undervisninga og samtalane er det mest grunnleggjande i kristen tru, som «Kvi- for døydde Jesus?», «Korleis kan eg be?» osv.

- Torgeir, korleis påverkar eit Alpha-kurs kristne og ikkje-kristne deltakarar?

Det nydelege er at kristne får en bibeltimeserie, samtidig som det kan vera evangelisering og vekking for ikkje-kristne. Alpha seier sjølv at kristne blir nye og nye blir kristne.

Eg har sjølv venner som har blitt kristne på Alpha, og ein bror har blitt kristen der. Folk merker at det gjer noko med ein å vera med på Alpha. Det er ei flott gåve til alle kristne med dette kurset, og det passar så godt inn i Imf som vekkings- og forkynnarbevegelse.



Leirar på Ognatun vinteren 2025

Lagsleir Lye, 31.jan.-2.feb
Lagsleir Bjerkreim, 7.-9.feb
Lagsleir Ognå, 21.-23.mars

Påskeleir 1 for 2.-4.kl, 28.-30.mars
(påmeldinga opnar 24.februar og stenger 17.mars)
Påskeleir 2 for 5.-7.kl, 4.-6.april
(påmeldinga opnar 3.mars og stenger 24.mars)

Påmelding på rogaland@imf.no

- Kva må til for å arrangera eit Alpha-kurs i ei forsamling?

Det er viktig å kjenna grunntanken i Alpha og ta eit arrangørkurs. Eg som kretsleiar hadde kurs for leiarar i Alpha fleira stadar allereie, og det er mange folk frå ulike bedehus i kretsen som har teke kurs og kan hjelpa nye som skal arrangera på andre bedehus.

Ein må også bygga eit team og få på plass gruppeleiarar, som kan leia gruppesamtalar. Dette er dei to viktigaste faktorane.

Ein treng også ein hovudleiar. Undervisarar kan ein og få hjelp til frå Imf Rogaland eller meg på Fredheim, slik at ein kan bytta på undervisarar.

Då eg hadde Runar Landro som mentor for fleire år sidan, spurte han meg kva slag evangeliseringstiltak me hadde på Riska. Slik starta ideen om Alpha for meg og Riska bedehus, der eg også er med, og me heldt då vårt fyrste Alpha-kurs. Alpha-weekenden var eit tungt løft, men me hengte oss på IMI i Stavanger sin Alpha-



God stemning på Alpha-kurs.

weekend og naut godt av deira opplegg. Dersom nokre vil henga seg på Fredheim sin weekend i framtida, så er det mogleg. Det er flott at ein på den måten kan velsigna andre.

Torgeir planlegg å ha fleire Alpha-kurs i åra som kjem på Fredheim Arena. Fleire andre forsamlingar i kretsen har også nytta denne reiskapen for evangelisering. Ta kontakt med han dersom de ynskjer informasjon eller hjelp til å halda kurs i di forsamling.

Sant om livet og sant om Gud

-Hvordan oppdage skjulte forestillinger om oss selv og om Gud?
-Hvor går veien mot et sunt selv bilde og et sunt gudsbilde?

TEMAKVELD 12.02.
NÆRBØ BEDEHUS
KL. 18.30-21.30
Foredragsholdere:
AUD VIHOVDE HOFTUN
OG HANS HØYE

VELKOMMEN TIL Julebuffé

PÅ OGNATUN

DAG: SØNDAG
DATO: 1. DESEMBER
KLOKESLETT: 13:00


FRIST FOR BESTILLING AV BORD ER MANDAG 18. NOV.
TIL 51 79 38 88 ELLER
OGNATUN@IMF.NO

MENY:
BUFFET M/RIBBE, PINNEKJØTT,
DESSERT OG KAFFE

PRISER:

VOKSNE	495,-
BARN 4-12 ÅR	250,-
BARN UNDER 4 ÅR	GRATIS

NÅR BARN ER PÅRØRENDE



Jonas sitter alene på en stol i en sykehuskorridor.

Han er pårørende til en lillebror som er veldig syk. Ingen har sagt det til Jonas, men han har hørt de voksne snakke om at lillebror kanskje kommer til å dø. Han har hørt telefonsamtaler og har skjont på tonefallet at det er alvorlig. Han har sett tårene de prøver å skjule.

Den siste uken har Jonas vært hos mormor og morfar, fordi mamma og pappa må være på sykehuset hos lillebror hele tiden.

Så ringer telefonen og det er mamma som sier at mormor og de må komme til sykehuset med en gang, det haster.

De skynder seg i bilen og Jonas blir selvsagt med. Han er riktignok en stor flink gutt på fem år, men kan ikke være hjemme alene.

Noen tårer renner nedover kinnene på mormor, men hun prøver å skjule dem for Jonas.

På sykehuset går de til rommet der lillebror ligger, og de sier at Jonas må vente en liten stund på gangen.

Hva er en liten stund for en fem-åring?

Etter noe han føler som lang tid, åpner han døren på gløtt og kikker forsiktig inn. Da sier pappa med en streng stemme at Jonas ikke kan komme inn, han må sitte på gangen litt til.

Pappa er så rar i ansiktet, stemmen er så fremmed, han er nok stresset, men har aldri snakket til Jonas på den måten før.

Jonas lukker stille døren, og finner en stol å sitte på. Han er såret og føler seg ensom. Han føler seg på en måte avvist av sine egne. Hvorfor får han ikke være sammen med dem han er mest glad i?



Kanskje de ikke bryr seg om ham lenger?

Hvorfor er det ingen som forteller ham om det som skjer?

Jonas er så alene der i den lange sykehuskorridoren, selv om folk haster forbi ham hele tiden. Han har det vondt, veldig vondt. Så kommer tårene, først en og en trillende nedover kinnene, så blir det som en bekk som renner. Han kjemper imot. Store gutter på fem år gråter ikke.

Så kommer en sykepleier ut av rommet der de andre er, og setter seg ved siden av ham. Hun tar hånden hans og stryker den varsomt. Hun sier med varme og omsorg i stemmen at nå er lillebror død.

Det kommer et hikst fra Jonas, og da gjør sykepleieren det eneste riktige. Hun legger armene rundt den tynne og skjelvende gutten, og holder ham tett inntil seg. Han får gråte ut der i armene hennes. Så får det våge seg om det blir snørr og tårer på klærne hennes.

Det var ikke en fremmed som skulle holdt rundt Jonas, det burde være en av hans egne. Men han hadde så inderlig bruk for de armene at han var takknemlig for omsorgen fra en han ikke kjenner.

Når gråten stilner, og sykepleieren har tørket ansiktet hans, spør hun om hun skal følge ham inn. Han nikker til svar. Hun holder ham fast i hånden. Han ser

da mamma og pappa som gråtende holder rundt hverandre, og det samme gjør mormor og morfar. Jonas føler seg glemt.

Sykepleieren hvisker til ham og spør om de skal gå bort til lillebror, og han nikker til svar. Ordene er liksom borte. Lillebror ligger der så stille og fredfylt. Kampen er over, smilet er borte, smertene er borte og nå er det freden som har overtatt.

Da er det som om mamma våkner og sier: «Jonas, kom hit gutten min». Han går inn i favnen til mamma og pappa, og så er han ikke lenger utenfor.

Nå gråter de sammen, og det var det han ønsket.

Han ser opp i ansiktet til mamma og spør. «Hva skjer med lillebror nå? Får vi han med oss hjem?»

Små barn kan stille store spørsmål, men de finner ikke alltid de rette ordene

Følelser er vanskelige å sette ord på, både for barn og voksne. Jonas har også mange spørsmål som er viktige for ham.

De voksne har lett for å si: «Ikke mas, vi kan snakke om det senere».

Lillebror har vært på sykehuset mange

ganger, men etter en stund har han alltid kommet hjem igjen. Hva vil skje denne gangen?

De sier han er død, men vil han komme tilbake om en stund likevel?

Jonas kan ikke tenke seg et liv uten lillebror. De er jo bare de to barna, og når

lillebror nå er borte, er det bare Jonas som er det eneste barnet hjemme.

Hva med alle lekene og tingene til lillebror? Hva vil skje med dem?

Jonas synes dette er veldig trist, og han gråter slik de andre i familien gjør.

Så får Jonas være med på å velge klær de skal ta på lillebror. Jonas velger den lysegrønne kosedessen som lillebror liker så godt, og som han er veldig fin i. Han må jo være fin når han skal helt til Himmelen synes Jonas, og slik ble det.

Det er så viktig å være sammen i sorgen, og inkludere barna. Barn lærer tidlig å tyde de voksnes kroppsspråk og ansiktsuttrykk. Særlig når de voksne snakker om noe alvorlig, er barna på vakt.



En tankevekkende erfaring

Jeg var en fortvilet mor som kom direkte fra sykehuset der vår datter lå alvorlig kreftsyk. Jeg gikk innom en svigerdatter og vi pratet hviskende ute i gangen om den alvorlige situasjonen.

Datteren i huset, Thea Sofie på 9 år, satt i stuen med en bok. Så kom hun løpende med redsel i blikket: «Dør hun nå?» Da hadde hun på avstand oppdaget mitt kroppsspråk og alvorlige ansiktsuttrykk.

Det understreker bare at barn som er i pårønderollen også har sine tanker og følelser i beredskap, selv om de kan le og ha det kjekt sammen med venner.

En gutt på 11 år sa: «Jeg smiler utenpå,

men gråter inni meg.» Vi voksne må tenke over dette, og lære av barna som går ut og inn av sorgen.

Barna føler seg ofte utenfor og blir glemt. En har som regel nok med sin egen sorg, og tenker ikke over at også barn sørger og trenger masse kjærlighet og omsorg.

Barn som sørger, trenger å være sammen med sine lekekamerater.

En klok mann i Røde Kors sa det slik: «Den beste medisinen et menneske kan få, er et annet menneske.

Hellesøy juli 2024
Laila Hellesøy Ueland

Gjennom smerten

-Gud har leda meg gjennom prosessen med å skrive bok. Eg har måtta stole på Gud, samtidig som eg har kjent på at det har vore ein kamp.

► Av Terje Slettebø

Dette seier Elisabeth Fosse som i haust er ute med boka «Gjennom Smerten». Der fortel ho om eit liv med mykje smerte og lidning. Men boka er også eit sterkt vitnemål om ein stor, mektig og levande Gud. Ho håper at noko av det ho skriv kan bli til hjelp for andre.

Personleg Gud

Og det er nettopp dette vi merkar når Elisabeth fortel om både boka og livet. Ho har lytta til Gud, spurt han om råd, handla på det han har vist henne og ikkje minst søkt inn i hans stillheit for å få kraft og styrke; -Eg har fått opplevd at Gud er ein personleg og nær Gud, eg har til tider fått opplevd det som å få sitja på Jesus sitt fang.

Mykje smerte

Livet til Elisabeth Fosse rommar mykje. Littlebroren som døydde då han var 5 år. Ho mista far sin då han berre var 57 år. Eldste jenta som fekk kreft. Ulykka der søstera, svoger og niese mista livet, og Elisabeth og mannen vart foreldre til to barn som hadde mista sine foreldre.

Eit frø vart lagt

Kvifor har du skrive boka?

-Flere har oppfordra meg til å gjera det, men eg har tenkt at dette er ikkje aktuelt, for eg kan jo ikkje skriva. Så kom «Koronatida» og det var ikkje mogleg å vera ute å treffe folk som var viktig for meg. Kva gjer eg nå, spurte eg Gud. Han oppfordra meg til å skrive på Facebook og gav meg teksten morgonen etter. Den teksten rørte noko i meg sjølv og andre. Eg fekk tilbakemelding frå mannen min at du kan skriva, og det var som eit frø var blitt lagt. Elisabeth legg også vekt på at ho har fått god hjelp av fleire personar i arbeidet med boka!

Terapi for meg

For over 3 år sidan kjøpte eg PC, reiste på hytta og skreiv. Eg hulkegrein medan eg skreiv så dette var terapi for meg. Etter at eg hadde skrive ein del vart alt sletta på pc-en. Men eg begynte på nytt og skreiv. Eg opplevde at det var Gud som leia meg til dette, og eg måtte stola på han, men det var også ein kamp. Etter at eg hadde fått skrive kjente eg at Gud møtte meg i smerten. Eg hadde ikkje



trudd at Gud kunne møte meg så personleg og sterkt. Etter at boka var ferdig kjente eg meg oppreist og heil.

Barn som pårørende


Med sine erfaringar gjennom livet understrekar Elisabeth kor viktig det er at barn som opplever ulykker og død i nær familie blir sett og høyrte. Her er det viktig at vi som står på utsida av familiar som blir ramma kan sjå, snakke med og bruke tid når barn er pårørende. Barn har andre måtar å sørge på enn vaksne.

Nær Gud

Elisabeth fortel at ho snakkar mykje med Gud, spør om råd, deler vanskelege ting med han, og ynskjer å ta Bibelen på alvor; Når Bibelen talar om fred, så spør eg korleis det ser ut i mitt liv? Bibelen talar om Guds rustning. Korleis verkar den for meg? Det er vanvittig spennande og stort å få leva nær Gud. Dagane er ulike, livet går opp og ned, utfordringar kjem og går, men eg kan alltid venda meg til Gud.

Kor var du Gud?

-Eg er ikkje bitter eller sint på Gud. Eg fekk sitja på fanget til Jesus. Ja, kor var Gud? Han har bekrefta mange gonger for meg, «eg var rett ved sida di». Eg måtte be han om å fylla



Boka er å få kjøpt i Bibelbutikkane, eller ein kan ta kontakt direkte med Elisabeth Fosse på tlf. 41 64 29 68

dei tomrom som var, og eg ber om visdom og styrke. «I stilla og i tillit skal dykkar styrke vera» Jes. 30. 15b, avsluttar Elisabeth.

KRIK Ognatun-leir

► Av Anita Auestad

20.-22. september arrangerte vi KRIK Ognatun-leir for ungdommer fra 8. klasse til 1. videregående. Vi sitter igjen med stor takknemlighet etter å ha samlet 45 ungdommer og ledere til en fin helg med flotte møter og kjekke aktiviteter! Temaet for helgen var "Jesus vår influenser", og Asle Steinbru og Kristian Auestad var med som talere. De snakket om at Jesus er den største influensen verden noen gang kommer til å ha på grunn av det han gjorde på korset for oss, og hvordan vi kan la Jesus få være vår største påvirkning også i dag. Flere ungdommer gikk til forbønn for første gang, og vi tror leiren fikk bety mye for både deltakere og ledere. I tillegg hadde vi kjekke aktiviteter som såpefotball & garden games, elgjakt, vanballong-volleyballturnering og frisbeegolf



Ognatunbasaren

Torsdag 26. september var den årlege Ognatunbasaren. Lars Aarseth hadde andakt og SångZ frå Bjerkreim deltok med song. Vi fekk først ein fin møtedel saman der vi vart velsigna av tale og song. Det var ikkje heilt fullt hus på Ognatun denne kvelden, men loddsalet gjekk svært bra. Tilsaman i loddosal og årsal fekk Ognatun inn kr 180 000 denne kvelden. Hjarteleg takk til alle som støtta opp om Ognatun på denne fine måten. Og spesielt takk til Ognatunforeininga for gjennomføringa av basaren.

OGNATUN

Ved til sals:

Sekker med bjørkeved,

60 L, kr 110, pr stk

Pallar med granved,

kr 1250 pr stk

Kontakt Magne Skårland

tlf. 915 73 157

LIKER DU DUGNADSARBEID?

På Ognatun trenger vi flere dugnadsfolk på kjøkken og renhold.

Kunne du tenkte deg å smøre smørbrød, kutte grønnsaker, salat eller bidra med andre enkle arbeidsoppgaver på kjøkkenet? Eller kunne du vært med å vaske vindu, rom og fellesareal etter arrangement? Ta gjerne kontakt og vi setter deg opp på en liste som vi kan kontakte i de travleste periodene.

På denne måten kan du gjennom praktisk arbeid være med å utføre en viktig oppgave i misjonsarbeidet.

Bring gjerne denne utfordringen videre til flere!

Ta kontakt!

51 79 38 88

ognatun@imf.no



Damehelg Ognatun 17-19 Januar 2025

Påmelding: Checkin innen 5. Januar

Program

Freidag

Kl 17.30: Innsjekk
Kl 18.00: Kveldsmat
Kl 19.30: «Hverdagsgull»
Kl 21.30: Friday feeling!

Lørdag

Kl 09.00: Frukt + Dri for dagen
Kl 10.00: Bibeltime 1
Kl 12.00: Lunch
Kl 13.00: Luffetur (klar etter været)
Kl 15.00: Middag
Kl 16.30: Bibeltime 2
Kl 18.00: Festmiddag
Kl 19.00: Dans og Luvingskveld

Søndag

Kl 09.30: Frukt + Dri for dagen
Kl 10.30: Avslutningsmøte m/ vakkert
Kl 11.00: Middag

Taler:
Hanne Sørmo Holstad

Rektor på Evangelisererets
Bibelskole



Håper vi sees!

Varmt velkommen fra komiteen!

imf Rogaland



**LEIR
arbeidar
OGNATUN**

Leirarbeidar søkes

Har du litt ledig tid vårensemseteret 2025? Trivst du saman med barn og unge på leir? Har du eit ønske om å gje Jesus vidare til neste generasjon?

Planlegga og gjennomføra leir

Vi tilbyr arbeid på timar

Vi ønsker å tilsetta deg på timar neste semester. Hovudtyngda vil vera på å gjennomføra leirar her på Ognatun. Ta kontakt om du har spørsmål.

SØK NÅ

51793880 

mail: rogaland@imf.no

Kontortid: 09.00-15.00

BØNNE- OG TAKKEEMNE

Be for:

- Førljulsleirane på Ognatun
- Julefeiring på Ognatun
- Diakoniarbeidet
- Tilsette i kretsen og Ognatun
- Økonomien

Takke for:

- Oppmuntrande lederkonferanse i ImF
- Krik Ognatun leiren
- Dugnadsfolket
- Alle frivillige leirleiarar
- Fritidsforkynnarane

*Du kan sende inn bøneemner til kretskontoret, så tek vi det med på bønesamlingar som vi har.
Send sms til 459 55 969 eller på e-post: rogaland@imf.no*

Kvinneweekend 7.-9. mars 2025 på Ognatun.

Tema: «Frykt ikkje»

Talar:
Maryanne Berge



Song av Astrid Persson

Elsa Lindtjørn fortel frå Etiopia



- Velkomen til åndeleg og sosialt fellesskap
 - Festkveld
 - Utlodning
- Pris kr 2365, einarom kr 2965

Påmelding på ImF-Rogaland si nettside: imfrogaland.no eller tlf. 51 79 38 80

Påmeldingsfrist 27. febr.

SAMTALETILBUDET
MENTORING & SJELESORG

MENTORING
SAMMEN MED EN ÅNDELIG
MOR/FAR BLIR DU STØTTET OG
UTFORDRET I DITT LIV
SAMMEN MED JESUS.

SJELESORG
SAMMEN MED EN KRISTEN
SJELESØKER FÅR DU REFLEKTERE
OVER DITT LIV, DIN TRO, DINE
HÅP OG LIFNGSEER. DU FÅR
BEAKRETTE TANKER, FØLELSER OG
ERFARINGER.

 Booking og mer informasjon:
www.imfrogaland.no/samtaletilbudet

imf Rogaland

Støtt våre annonsører

Du finner Imf
på internett
imfrogaland.no




Trenger du regnskapsfører?

Besøksadresse:
Myrveien 2, 4344 Bryne
Welhavensv. 19, 4319, Sandnes
Stasjonsvegen 14, 4360 Varhaug
(2. etasje Spar Varhaug)
Kontakt Jonas Varhaug - tlf. 905 79 580, E-post: post@jarok.no
www.jarok.no



Brit Ege Salongen
Tlf: 51 48 03 72



Kringsjø
Invistering AS

GRUDE
BYGG

Bedriftsveien 35 - 4353 Klepp Stasjon
tlf.: 51 78 98 50

NYBYGG • PÅBYGG • REPARASJONER

VIGRESTAD BYGG



WWW.VIGRESTADBYGG.NO

Tlf: 958 19 505



ALT I ELEKTRISKE INSTALLASJONER
Elektrofag Jæren

Industrist. 2, 4362 Vigrestad • Tlf: 51 79 11 70 • post@elektrofag.no

En god kontakt på Jæren

ELPROFFEN

Grude Gartneri
Brekkeveien 18
4353 Klepp Stasjon

bryne rør

Astor Industri
Eiendom AS



BRYNE REGNSKAP

Tlf 975 25 110

Post@bryne-regnskap.no

www.bryne-regnskap.no

Pål Hatteland AS
Entreprenør

Mob 99278710



Tlf.: 464 22 022

Bokføring - lønn - årsoppgjør
stiftelser- økonomisk rådgivning

NOT REGNSKAP OG RÅDGIVNING, TLF. 51 80 34 50 - WWW.NOTREGNSKAP.NO ROTT

Le Service A S



4362 Vigrestad

Tlf: 51 43 75 89 - Fax: 51 43 66 53

Mobil: Erik: 982 46 915 - Einar: 982 46 916

WALDELAND MASKIN





Tlf: 90 79 61 44

JG MASKIN

Jan Gunnar Undheim - Varhaugsvegen 69, 4360 Varhaug
Mobil: 958 28 410 - Fax: 51 43 08 27 - jagunnau@online.no



Odd Narve Grude
Næringsbygg
Tlf.: 90 13 95 19
51 42 37 99



Returadresse: ImF Rogaland, Mjølhusvegen 70, 4364 Sirevåg

ImF-Rogaland

JULEMARKED

Tirsdag 3. des kl. 17.00-19.45

**JULEMARKED PÅ OGNATUN
MED SALG AV MIDDAG, JULEKAKER,
LYNLODD OG HOVEDTREKNING**

Kl. 19.00

**SAMLING MED ANDAKT OG SANG
Reidar Røyland og lovsangsteam frå
Riska**

Kjøpe lodd på hovedtrekningen?
Vipps til 620889, kr 10 pr lodd,
og vi skriver lodd på deg

